



ÅRSMELDING

Eikanger-Bjørsvik Musikklag (EBML)

Lagt fram for årsmøtet i EBML 16.02.18



A – Administrasjon

1. Styret

Etter valet på årsmøtet 17.02.2017 konstituerte styret i Eikanger-Bjørsvik Musikklag (EBML) seg slik:

Leiar:	Stig Ryland	– vald for 1 år
Nestleiar Drift:	Viggo Bjørge	– ikkje på val
Nestleiar Musikk:	Magnus Brandseth	– vald for 2 år
Marknadsleiar:	Tarjei S. Hummelsund	– vald for 2 år
Økonomileiar:	Toril Ones	– ikkje på val
Styremedlem:	Gerd Karine Eiksrud Lunde	– vald for 2 år

Varamedlemmer:

Svein Fjermestad, Steinar Brevik og Kristian Grotle – alle for 1 år.

Tarjei S. Hummelsund måtte trekkje seg frå vervet hausten 2017 på grunn av ny jobb.

Valnemd:

Einar Vaage (leiar), Hilde Øian og Lars Otto Torsvik.

Styret hadde ni ordinære møte i 2017. Styret har i tillegg til vanlege styremøte også handsama ei rekke hastesaker via e-post og styresida på Facebook. Styreleiar og nestleiarane har også møttes nokre gonger for å handsama og førebu saker knytta til drift og økonomi. Varamedlemene har vore innkalla til alle styremøta.

2. Gruppleleiarforum (GF)

Gruppleleiarforumet er det rådgjevande organet for styre, dirigent, repertoarutval og LPL når det gjeld den musikalske utviklinga av korpset. Forumet består av gruppleiarane i korpset og vert leia av Nestleiar Musikk. GF har også nær kontakt med korpset sin faste dirigent Reid Gilje.

3. Ulike utval

For å sikre god planlegging og gjennomføring av ulike prosjekt, har korpset sett ned fleire utval der medlemmene er representerte. Desse utvala er Langtidsplanleggingsutvalet (LPL), Korttidsplanleggingsutvalet (KPL), Korpsutvalet (KU), Økonomiutvalet (ØK), Repertoarutvalet (REP), Medieutvalet (PMS), Profileringsutvalet (ProfPøk), Reiseutvalet (RU) og Sosialutvalet (SU).

4. Lønna engasjement

Reid Gilje er engasjert som musikalsk leiar.

5. Revisor

Revisorar i 2017 har vore Arvid Holm og Øystein Hagesæther.

B - Økonomi

2017 var nok eit aktivt år for EBML. Med deltaking i to konkurransar utanlands, Europameisterskapen i Oostende i mai og Brass in Concert i Newcastle i november, seier det seg sjølv at dette tærer på økonomien. Likevel kan me sjå tilbake på eit år der me har god kontroll på økonomien.

EBML har flinke folk på søknadsskriving. Gode premieinntekter, ei raus gåve på 300 000 kroner frå Trond Mohn samt ei anonym gåve på 25 000 kroner til Feriespelet, gjer at korpset går tilnærma i balanse på drifta i 2017.

Styret ser det likevel som viktig å prioritere arbeidet med å få på plass ein forutsigbar økonomi framover. Deltaking i internasjonale konkurransar dei neste åra vil krevja ein ekstra innsats.

Når det gjeld sponsorinntekter/bedriftsmedlemmer vert det arbeidd kontinuerleg med å finne nye og fleire samarbeidspartnarar. Dette er eit tidkrevjande og vanskeleg arbeid, og me er takksame for og avhengig av å få innspel frå medlemmene.

C – Medlemskap

Faste utøvande medlemmer (pr. 31.12.2017):

Jon-Vegar Sole Sundal, Eb kornett
David Morton, Bb kornett
Ben William Hiron, Bb kornett
Christopher Westgård Rødvang, Bb kornett
Stefan Cooper, Bb kornett
Marit Holm, Bb kornett
Arnfinn Rønneberg, Bb kornett
Tyra Andrea H. Sture, Bb kornett
Ingebjørg Eide, Bb kornett
Lasse Magnussen, Bb kornett

Tina Toklum, Bb kornett
Lena Westgård Røedvang, Bb kornett
Gyda Matland, Flygelhorn
Hilde Øian, Eb horn
Gerd Karine Eiksrud Lunde, Eb horn
Kristin Tømmermo Holmås, Eb horn
Tone-Renée B. Gjendemsjø, Eb horn
Nina Mjanger Eide, Baryton
Astrid Eide, Baryton
Vidar Nordli, Trombone
Grethe W. Tonheim, Trombone
Sølvi Ones, Trombone
Tore Bryne Berg, Bass trombone
Lars Otto Torsvik, Euphonium
Kjetil Djønne, Euphonium
Magnus Brandseth, Eb tuba
Sondre Ø. Undertun, Eb tuba
Alexander R. Torsvik, Bb tuba
Kristian Grotle, Bb tuba
Svein Fjermestad, Slagverk
Kim Systad, Slagverk
Martin Kjeilen Steinseide, Slagverk
Fredrik Ertvaag, Slagverk

Utøvande medlemmer i permisjon:

Fredrick Schjelderup, Slagverk
Geir Haukås, Bb kornett

Øvrige medlemmer:

Stig Ryland
Viggo Bjørge
Steinar Brevik
Reid Gilje
Toril Ones
Tarjei Hummelsund

Medlemmer som slutta i løpet av 2017:

Trond Helland, Eb tuba
Alice Fagerdal, Althorn
Erlend Gjersvoll Brandsøy, Bb tuba

Æresmedlemmer (pr. 31.12.17):

Svein Jarle Bjørsvik
Sigurd Gjelsvik
Oddvar Bjørge
Ivar Nordland
Viggo Bjørge
Edy van Asch
Helge Haukås
Bjørn Olav Hagesether
Øystein Hagesæther
Tom Brevik
Knut Harald Rydland
Odd Idar Bjørsvik
Howard Snell
Rolf Bjørge
Rune Mjanger
Per Herland
Grethe W. Tonheim
Sølvi Ones
Frode Rydland

Det vart ikkje utnemnd nye æresmedlemmer i 2017.

Støtteapparatet

Støtteapparatet har bidratt nok ein gong med uvurderleg støtte under korpset sine konsertar. Me takkar Per Herland, Oddvar Bjørge og Øystein Hagesæther som har vore på plass når slagverk skal berast og fraktast, og når lunsjmat skal lagast. Me takkar også Ivar Nordland for å ha donert heile samlinga si med brassband-magasin og satt desse opp i hyller på pauserommet. Korpset skuldar dei stor takk!

D – Reiser og turnear

I 2017 har korpset ikkje vore på turnè, men me har delteke i fleire konkurransar i Noreg og i utlandet. Detaljert info om desse står i oppdatert speledagbok.

26.4-30.4:

Europameisterskapet i brassband - Oostende, Belgia

3.11-5.11:

Siddis Brass - Stavanger

17.11-20.11:

Brass in Concert - Gateshead, England

Her spelte me også konsert i foajeen i *The Sage* laurdag ettermiddag. Konserten var av «light» karakter og fekk mykje positiv omtale av publikum og presse.

E – Instrument, effektar og bilhald

Musikklaget eig musikkinstrument og utstyr for store verdjar.

EBML eig ein MAN lastebil 1998-modell med lift som vert nytta til frakt av slagverk.

Vedlagde lister syner instrumentparken i korpset si eige.

F – Instruksjon

Dirigentar har vore:

Reid Gilje (fast dirigent), Ingar Bergby (NM og EM), Howard Evans (Konsertserien mars), Michael Bach (Konsertserien september), Philipe Bach (Konsertserien desember), Trond Madsen og Tormod Flaten.

Instruktørar:

Reid Gilje, Frode Rydland, Tormod Flaten, Magnus Brandseth, Hogne Holmås, Vidar Nordli, Sindre Dalhaug, Patrik Randefalk, Owen Farr, Snorre Svenningsen, Sheona White, Trond Madsen.

G – PR, media og marknadsføring

Korpset sine sider på Facebook er hovudplattforma for presentasjon utad til publikum. Oppdateringane vert gjort jamnleg av medlemmer og inneheld mellom anna bilete, lenker, videoar, arrangementsinformasjon og helsingar. Saman med oppdateringar på Instagram, Twitter og Snapchat søkjer ein å nå ut til så mange følgjarar som mogeleg. Korpset har med suksess streama frå fleire konsertar. I samband med EM-sigeren vart det ekstra mykje merksemd i media lokalt og nasjonalt.

Korpset fekk fleire utmerkingar frå 4barsrest i 2017: Årets korps, Årets instrumentalist (David Morton), Årets dirigent og Årets nykommar (Ingar Bergby), Årets konkurranseframføring og Årets konkurransestykkje (Fraternity på EM), og Ingar Bergby, David Morton, Gyda Matland, Lars Otto Torsvik, Tore Bryne Berg, Magnus Brandseth og Sondre Øysteinson Undertun / Trond Helland vart alle med på 4BR All Star Band! The Brass Band Podcast gav også korpset fleire utmerkingar.

Styret har som ambisjon at nettsidene våre skal vere aktuelle og gje brukarar informasjon om laget sin aktivitet. Besøket på sidene varierer med årstida, med tydelege toppar like etter

t.d. NM, EM, Siddis og Brass In Concert.

Det vert kontinuerleg arbeidd med å halde oppe EBML sin profil, og ein søker stadig å finne nye stader å få gjennomslag for våre presseoppslag. Konsertane våre får regelmessig omtale på «Det skjer»-sidene i Bergens Tidende, Bergensavisen, Avis Nordhordland og Strilen.

EBML har også avtale med Avis Nordhordland om annonsering og samarbeid om julekonserten.

Bransje- og nisjeredaksjonar er generelt opptatt av EBML sine prosjekt. Me er jamleg omtalt i musikkorps.no, Brass Band World, The Brass Herald, British Bandsman og 4barsrest.

Videoar av EBML som vert lagt ut på youtube.com vert også sett av mange.

H – Representasjon

Ingen frå EBML er pr. d.d. representerte i råd eller utval i NMF.

I – Organisasjon

EBML er medlem av Norges Musikkorps Forbund og sorterer under regionen NMF Hordaland.

J – Lagshus og øvingsrom

Musikkhuset har blitt nytta mykje i år, som andre år. I tillegg til dei faste brukarane EBML, Oster Brass og Knarvik Skulekorps, har det også vore utleigd til fleire andre korps både lokale og langtreisand. Bjørsvik Brass har også nytta seg av huset på fleire av sine øvingar.

Huset vert også nytta til samlingar for Feriespelet og gruppeøvingar. Det er også nokre som har einetimar her. Det årlege julebordet vert sjølv sagt arrangert i Musikkhuset.

Nokre små problem med straumbrot og ei vrien lås på dei eine toalettet har blitt løyst, og både skulekorpset og Oster brass har fått egne nøkkelboksar utpå huset. EBML har også fått nøkkelboks med nøkkel til porten. Fleire lysrør i taket har vorte skifta, og me har fått nye bosskontainarar til huset etter at dei gamle forsvann i løpet av sommarferien.

Oster Brass står for vasking av huset og rapporterer dette til Nina M. Eide.

K – Konkurransar

Noregsmeisterskapen (3. og 4. februar)

Dirigent: Ingar Bergby

Pliktnummer: Variations on a theme of Michael Tippett (arr.: Hindmarsh) (95 p)

Sjølvsvald: Fraternity, Thierry Deleruyelle (97 p)

Poengsum: 96

Plassering: Noregsmeister 2017

Europameisterskapen (28. og 29. april)

Dirigent: Ingar Bergby

Pliktnummer: Where Angels Fly (Kevin Houben) (95 p)

Sjølvsvald: Fraternity, Thierry Deleruyelle (98 p)

Poengsum: 193

Plassering: Europameister 2017

Siddis (4. november)

Dirigent: Reid Gilje

Program «Tales of the North Sea»:

* Waves on deck (Kjetil Djønne)

* The Boatmens Ballad (Frode Rydland) Solist: Gyda Matland (flygelhorn)

* The Mackerel Shoal & the Lonely Monkfish (Reid Gilje)

* Dark Abyss (Fredrick Schjelderup)

Poengsum: 99+9

Plassering: Vinnar

Solistpris: Gyda Matland (flygelhorn)

Brass in Concert (19. november)

Dirigent: Reid Gilje

Program «Tales of the North Sea»:

* Waves on deck (Kjetil Djønne)

* The Boatmens Ballad (Frode Rydland) Solist: Gyda Matland (flygelhorn)

* The Mackerel Shoal & the Lonely Monkfish (Reid Gilje)

* Dark Abyss (Fredrick Schjelderup)

Poengsum: (1) 60 / (2) 57 / (2) 38 / (3) 18 / (5) 16: 189pts

Plassering: Vinnar

L – Ungdomsprogrammet

EBML satsar sterkt på rekrutteringsarbeid i lokalmiljøet. Dette er viktig for skulekorpsa i regionen og for korpset sjølv på sikt.

EB-junior blei ikkje arrangert i 2017.

Sitt-inn vart gjennomført i mai med fleire av dei lokale skulekorpsa før dei skulle ta del i NM for skulekorps.

Sommaren 2017 arrangerte vi Feriespelet for 20. gong. Også i år var det ein stor suksess, og over 100 ungdommar var med. Dei eldste fekk tilbod om å kome torsdag, medan dei øvrige kom på onsdag. Dirigentar var Svein Fjermestad, Patrik Randefalk og Fredrick Schjelderup. Prosjektansvarleg var Vidar Nordli.

Kornett-, trombone- og horngruppa arrangerte to instrumentaldagar i 2017, medan det har vore ei samling for euphonium og baritone og ei for slagverk.

M – CD-utgjeving

Korpset har ikke gjeve ut CD i 2017.

N – Sponsorar og støttespelarar

Hovudsponsorar

EBML hadde også i 2017 ein samarbeidsavtale med Addisco.

Samarbeidet mellom EBML og FLT sitt utdanningselskap Addisco er tufta på felles verdigrunnlag og historie.

Addisco har, som EBML, eit sterkt fokus på rekruttering/vidareutdanning for å auka si medlemsmasse, og dei ønskjer å nytta EBML i sitt arbeid for å synleggjere sitt unike tilbod innanfor etter- og vidareutdanning. I januar spelte EBML konsert for dei uteksaminerte studentane i Addisco sitt eige utdanningsprogram ved Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen. Konserten vart halden i Terminus Hall.

Andre samarbeidspartnarar

EBML vidareførte avtalen med Avisa Nordhordland om annonsering. Avtalen utgjer eit betydeleg beløp, og samarbeidet er i tillegg viktig for forankringa vår i lokalmiljøet. Me har også vidareført vårt langvarige samarbeid med Reklamehuset og Hageland Eikanger. EBML har også bedriftsavgiftar med Knarvik Senter og Musikk-Miljø.

Dale of Norway sponsa korpset med gensarar i samband med turen til EM.

Sparebanken Vest har i fleire år vore ein trufast støttespelar gjennom ordninga

«Allmennyttige fond», mellom anna til Feriespel og EM-deltaking. Atea bidrog med støtte i samband med Feriespel i 2017.

Korpset samarbeider med Unison om ei rekkje prosjekt, mellom anna Konsertserien og Fredagsvorspiel.

Støttelaget talde om lag 40 medlemmar ved utgangen av 2017. Dei mottok medlemsbladet "Brass" fire gonger i året.

Korpset mottok årlege tilskott frå Lindås kommune, og gjennom Norges Musikkorps Forbund nyt også korpset godt av gode støtteordningar.

I samband med sigeren i EM fekk korpset tildelt pengegåver frå både Lindås kommune, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Norges Musikkorps Forbund.

Små og store verksemder bidrog også med annonsestøtte og andre tenester i året som har gått.

EBML takkar alle samarbeidspartnarar, bidragsytarar og andre støttespelarar i året som gjekk;

O – Organisasjonsutvikling

EBML har som mål å kontinuerleg utvikle organisasjonen og medlemmene. Styret har i 2017 halde fram med å fokusere på verdiane våre Kvalitet, Engasjement og Fellesskap og korleis me kan bruke desse til å bli betre både musikalsk og sosialt. Verdiane skal også hjelpe korpset til å nå visjonen vår om å vere leiande.

I samband med EM-deltakinga hyrte me inn Kjell Tore Solvang og Jon Gorrie som mentorar. Dette var svært godt tatt imot av medlemmene. Viktige temaer som har blitt belyst er å setje seg mål, fokusere riktig, evaluere prestasjonar og takle forventningspress.

P – Arrangement, prosjekt og konsertar

Eikanger-Bjørsvik har også i 2017 vore aktiv på ulike aktivitetar og nivå. Dei lokale arrangementa har vore:

- Sitt-inn med lokale skulekorps i høve skulekorps-NM.
- Feriespel.
- Konsert i Knarvik Kyrkje.
- Konsert saman med Knarvik Skulekorps og Oster Brass på Leknes.
- Julekonsert saman med Seim Songkor i Knarvik Kyrkje.

Arrangement andre stader:

- «Fredags-vorspiel» i Logen og konsert på Hetlevik, der storband-musikk stod i sentrum. Solistar var Adam Rapa og Elisabeth Vik
- Ensemblekonsertar i september i samband med Kulturnatt i Bergen og i samarbeid med Sjøforsvarets Musikkorps.
- Ei rekkje tenpiece-opdrag, mellom anna i samband med opninga av ny flyplass på Flesland, under KnarvikMila og på Moldegaard.

Andre større arrangement/prosjekt har vore vitnemålsmarkering for Addisco på Hotel Terminus, konsertserien i Bergen (produsert av Unison AS) og konkurransane NM og Siddis Brass. Totalt har det vore 120 felles samlingsdagar, nær 50 samlingar for grupper, og om lag 10 samlingsdagar i samband med ungdomsarbeid. Sjå vedlegg for detaljinformasjon.

Q – Sluttord

Styret vil takke alle medlemmene for utmerka innsats i året som har gått. Ein særleg takk går til støtteapparatet og alle andre som yt meir enn dei må for at EBML-organisasjonen skal fungere godt.

Ein ekstra stor takk går til vår faste dirigent Reid Gilje som målbevisst arbeider med å betre korpset musikalsk.

2017 var eit historisk godt år for EBML med fire titlar av fire mogelege: EM, NM, Brass in Concert og Siddis Brass. Me har også gjennomført flotte konsertar og er heile tida oppteken av å vidareutvikle ungdomsarbeidet vårt. Styret har stor tru på at dette vil bli ytterlegare styrka gjennom Akademiet Eikanger-Bjørsvik.

Me ønskjer nye medlemmer velkomne og takkar særst mykje for innsatsen til dei som har slutta i år.

Styret takkar også for tilliten som vart gitt oss av årsmøtet i 2017, og me ønskjer det nye styret lukke til i 2018!

Knarvik 16.02.2018

Stig Ryland, leiar
Viggo Bjørge, nestleiar Drift
Magnus Brandseth, nestleiar Musikk
Tarjei S. Hummelsund, marknadsleiar
Toril Ones, økonomileiar

Gerd Karine Eiksrud Lunde, styremedlem

Svein Fjermestad, varamedlem

Kristian Grotle, varamedlem

Steinar Brevik, varamedlem